

Haakon Fossen

KJEMPEFALDEN

Faldar finst overalt i restane etter den kaledonske fjellkjeda. Somme vart til under kollisjonen med Grønland, andre stammar frå tida då fjellkjeda seig saman. Berre få kan måla seg med kjempefalden som ligg att som restar i fjellområdet kring Tørvikenuten, Vesoldo og Hellefjellet.

Dette fjellområdet ragar høgt i landskapet mellom Norheimsund og Strandebarm. To toppar merkjer seg ut: Vesoldo (1046 moh.) og Tørvikenuten (1028 moh.). Særleg frå nord viser desse toppane korleis berglaga er forma som eit trau. Trauforma blir framheva av ryolittlaga (omdanna sure lavastraumar) og sandsteinslaga som ligg innklemde i grønskifer og glimmerskifer.

Alle desse bergartane er frå kambrosilurtida, frå tida før sjølv fjellkjededanninga. Under kollisjonen med Grønland fekk dei gjennomgå. Dei vart omdanna og knadde då kollisjonen førte dei frå ein ukjend stad langt vest til Hardanger. I denne prosessen vart berget lagdelt og skifrig, som på Hellefjellet. Etter at kollisjonen var over, seig kambrosilurbergartane fleire kilometer tilbake mot vest (①37). Det var då, tidleg i devontida, at kjempefalden vart danna, på 10–15 kilometers djup.

Når kambrosilurbergartane ligg høgt oppe, er det duka for gode vokstervilkår for ei rekkje fjellplanter. Vesoldo og Tørvikenuten er blant dei rikaste plantefjella på nordsida av Hardangerfjorden. På den næringsrike



Fjellnøkleblom.
(Jan Rabben)




Ei synform blir danna når berglag blir bøyge til ein trauliknande struktur. Vesoldo er botnen av ei kjempesynform. Fjellet sett frå nordaust. (Svein Nord)

mineraljorda veks mange kravstore fjellplanter, som reinrose, rukkevier, bergstorr, sotstorr, fjellsmelle og flekkmure. Enkelte av artane, som fjellnøkleblom og setermjelt, har ei austleg utbreiing og er særleg sjeldsynte i denne delen av fylket.



Veg frå Vikøy til Tveit, derfrå bomveg. Frå parkering ved enden av vegen stig langs røyrløidning til Krokavatnet. Frå vatnet god stig vidare til Vesoldo.



MÅSEKOLONIEN PÅ AKSNESHOLMANE

Det er ikkje spesielt mykje sjøfugl innover i fjordane på Vestlandet. Ikkje er det mange holmar beller, så om fuglane vil bekkja, finn dei ikkje alltid gode tomter. På AKSNESHOLMANE ligg like fullt ein imponerande måsekoloni, og staden har vore freda beilt sidan 1923.

Fiskemåsen har bhatt problem mange stader på kysten, men på Aksnesholmane har det vore stabil hekking i ei årrekke. Over hundre par bekkar ber, men talet varierer nok ein del frå år til år, ungeproduksjonen òg. Minken har nemleg kort veg frå fastlandet, og mink kan vera eit alvorleg problem i bekketida. Kanskje er det for å unngå eggrovaren at ein del av fiskemåsane på Aksnesholmane byggjer reir oppe i trea. Det er ikkje ofte vestlandsmåsane har utvikla ein slik strategi. Somme stader er truleg føremålet å bindra at reira skal bli råka av flaum, men slike problem plagar ikkje reirbyggjarane på Aksnesholmane.

Aksnesholmane er uvanleg frodige, og inne på holmane har det vorte meir av kratt og mindre tre dei seinare åra. Marka i aktive sjøfuglkoloniar får mykje gjødsel frå fuglane. Attgroinga kan fort bli så sterk at fuglane blir fortregde. Ute på kysten kan dei gjerne velja ein annan bekkeholme i slike høve, men i Hardangerfjorden er ikkje det råd, ettersom det mest ikkje finst andre holmar i nærleiken. Det har derfor vore rydda noko skog og kratt på Aksnesholmane dei seinare åra.

Nokre titals par makrellterner bekkar òg på holmane, forutan nokre få tjeldpar. Også andre kystfuglar, som siland og småspove, er stundom å sjå. (Foto: Svein Nord)



NATURRESERVAT